

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

---

**Dato** 21.06.2024  
**Vår referanse** 2022/21176-6  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Bjørnar Tjoflot  
**E-post** Bjornar.Tjoflot@vlfk.no  
**Telefon** 99100814

## **Høyringsuttale til søknad og detaljplan for ny trasé for 420 kV fjordspenn Fimreiteåsen-Jarvehaugen**

### **Oppsummert administrativt innspel fra Vestland fylkeskommune**

Vi legg til grunn at søker og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

Vi har ingen avgjерande merknader knytt til kulturminne i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet må søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, ruinar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter, m.m. Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Det er viktig at ein i anleggsperioden har god dialog med, og tek omsyn til, friluftsinteressene i området.

### **Bakgrunn**

Statnett fekk konseksjon til å bygge nytt fjordspenn over Sognefjorden i 2020 i samband med at dei fekk løyve til å byggje ny 420 kV-leidning mellom Sogndal og Hove. Fjordspennet for leidningen skulle gå på same stad som dagens 300 kV-leidning. Den nye 420 kV leidningen Sogndal-Hove er no under bygging. Statnett seier nein at det ikkje er mogleg å byggje fjordspennet over Sognefjorden slik som planlagd. Statnett søker difor om å byggje denne delen av den nye 420 kV leidningen sør for dagens 300 kV leidning.

Eit av krava i anleggskonsekvensen fra 2020 var at det skulle utarbeidast detaljplan for anlegga. I tillegg til søknad om å endra konsekvensen for å flytta på linjetraséen er tilhøyrande detaljplan på høyring samstundes.

Tidlegare vedtak frå Sogn og Fjordane fylkeskommune bad om at det måtte leggjast stor vekt på justering av trasé og avbøtande tiltak i alle delområde for kraftsambandet.

### **Omsøkt tiltak**

Statnett søker om følgjande:

- Kryssing av Sognefjorden om lag 250 m sør for tidlegare konsekvensgitt fjordspenntrasé på austsida av fjorden og om lag 800 m sør på vestsida.
- Mellombels bruk av riggareal på høvesvis 2,2 daa og 4,5 daa langs eksisterande skogsbilveg sør for Indre Borlaug
- Nytt, permanent riggareal på om lag 9 daa ved fjordspennmastene på Jarvehaugen på vestsida av fjorden.

- Rettigheit til mellombels bruk av eit areal på om lag 35 daa rundt dette.
- Riving av om lag 1,7 km av 300 kV-leidningen Hove-Sogndal frå samlemast ved Ramnaberget og vestover til siste mast før vinkelpunktet sør for Storagilet.
- Fleire nye, permanente riggareal på austsida av fjorden.

## Vurdering

### Kraftsystem

Vi vurderer at det er ein stor fordel at den nye løysinga gjev meir oppetid for sambandet i anleggsperioden.

### Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde

I samband med det konsesjonsgitte tiltaket 420 kV kraftlinje mellom Vassbygdi i Aurland kommune til Fardal i Sogndal kommune, utførte Vestland fylkeskommune arkeologiske registreringar i 2019 og 2020. Ny søknad inneberer endring av fjordspenn over Sognefjorden frå eksisterande til ny trase, mellom Bjørnstiggamben i Sogndal kommune til Tjørnahaugane i Vik kommune.

Det er ikkje tidlegare utført arkeologiske registreringar ved Tjørnahaugen, men det er gjort registreringar i den vestlegaste delen av Fimreiteåsen i samband med dei konsesjonsgitte tiltaka. Denne delen er noko forstyrra av moderne aktivitet i form av grusveg og eksisterande fjordspennmaster, i tillegg er terrenget bratt og ulendt.

Ingen av dei nye omsøkte tiltaka knytt til endring av fjordspenn kjem i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Det er heller ikkje registrert kulturminne i nærområde. Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor dei omsøkte tiltaka er vurdert å vera lågt. Vi vurderer at det ikkje er naudsynt med ytterleg arkeologiske registreringar i samband med endringssøknaden som gjeld flytting av fjordspenn.

Tidlegare vart det vurdert å lage ny tilkomstveg i ein gamal stølsveg frå Indre Borlaug til nytt fjordspenn, men dette forslaget er teke ut av planen.

Vi har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet må søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, ruinar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter, m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

### Fysisk aktivitet og inkludering

Tiltaket ligg delvis inne i det svært viktige friluftsområdet Fimreiteåsen. Det er viktig at ein i anleggsperioden har god dialog med, og tek omsyn til, friluftsinteressene i området.

### Kyst og Fjordlandskap

Retningslinje 16 i fornybarplanen seier at ein skal ein vere svært restriktiv med kraftutbygging som reduserer det urørte preget i landskapet i urørte kyst og fjordlandskap. Kraftlinjer kryssar allereie fjorden i konsesjonsgjeve trasé. Ny trasé for fjordkryssinga, og bygging før sanering av gamal trasé, gjer at fjordlandskapet vil framstå som meir utbygd. Statnett skriv i søknaden at dei ser føre seg å riva eksisterande leidning vinteren 2027/2028 med ferdigstilling av dette sommaren 2028. Dette gjev inntil to år med to parallelle fjordspenn over fjorden. Vi ser at dette er greitt ut frå argumentet at riving av eksisterande leidning før strekking av ny vil gje ei lengre tid med fullstendig utkopling av sambandet.

Med helsing

**Sølve Dag Sondbø**

**Bjørnar Tjoflot**

sekjonsleiar  
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

rådgjevar  
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

VIK KOMMUNE	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6856	SOGNDAL
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER